



Bakgrunn for vedtak

Søknad om konsesjon for uttak av vatn og regulering av Storavatnet til produksjon av settefisk

Stord kommune i Hordaland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Erko Settefisk AS
Referanse	
Dato	22.06.2015
Notatnummer	KI-notat 15/2015
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	2
Høyring og distriktsbehandling.....	5
Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane.....	8
NVEs vurdering.....	11
NVEs konklusjon.....	19
Forholdet til anna lovverk.....	20
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	21
Vedlegg.....	24

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn og regulere Storavatnet i Stord kommune.

Erko Settefisk AS søker om å ta ut vatn frå Storavatnet for sitt settefiskanlegg på lokalitet Sagvåg. Anlegget har konsesjon for produksjon av 5 millionar settefisk. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 11,5 m³/min (192 l/s) og høgaste månadsmiddel på 20 m³/min (330 l/s). Det vert også søkt om å regulere Storavatnet mellom kote 10,30 (LRV) og kote 10,80 (HRV). Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 3 m³/min (50 l/s). Vatnet skal hentast gjennom ein vassleidning med dimensjon 630 mm. Inntak er planlagt om lag 650 m inn i Storavatnet og leidningen skal førast til sjø i ei 130 m lang grøft parallelt med utløpselva. Leidningen skal vidare leggjast i sjø om lag 900 m fram til anlegget.

Høyringspartane er delt i synet på utbygginga. Fleire av dei som har uttalt seg er kritiske til prosjektet slik det er lagt fram i søknaden. Stord kommune går ikkje i mot utbygginga, men har merknader knytt til lågaste og høgaste regulerte vasstand og at vasstanden ikkje må endrast ut over naturlege svingingar. Fylkeskommunen, Sunnhordland museum, Bergen sjøfartsmuseum og fleire andre høyringsinstansar viser til at området har ei rik kulturhistorie som det må takst omsyn til.

Fylkeskommunen og Bergen Sjøfartsmuseum meiner at det kan vere potensial for funn av automatisk freda kulturminne og krev undersøkingar etter § 9 i kulturminnelova. Fylkesmannen meiner at settefiskanlegget kan driftast i sin heilskap som eit resirkuleringsanlegg og at oppdemming av Storavatnet difor ikkje er naudsynt. Fylkesmannen viser elles til tidlegare fråsegn frå 2007 og meiner at det bør sleppast ei større minstevassføring. Fylkeskommunen viser til at Storavatnet har stor verdi for friluftsliv. Fleire lokallag og ei rad privatpersonar viser også til at området har stor verdi for friluftsliv. Dei fleste av desse laga og privatpersonane er kritiske til ei regulering av Storavatnet.

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Erko Settefisk sitt anlegg vil bidra med produksjon av 5 mill. smolt med avgrensa verknad for miljø.

Dei største konfliktane med utbygginga er knytt til friluftsliv, kulturminne og biologisk mangfald. Omsynet til landskap og friluftsliv er vektlagt spesielt sidan tiltaket ligg i eit område som er mykje nytta til friluftaktivitetar av lokalbefolkninga. NVE meiner at ved ein tappestrategi der ein tek unna

flaumtoppar, så vil vasstandsvariasjonar ved ei regulering halde seg innanfor dagens naturlege variasjonar og såleis ikkje føre til større ulemper knytt til for låg eller for høg vasstand. NVE meiner at vasstandsvariasjonane ved ei regulering i liten grad vil skilje seg frå dagens situasjon og difor er akseptabel for friluftsliv og andre brukarinteresser.

Verknad for kulturminner er tillagt vekt då området ved utløpselva og Sagvågen har ei rik historie frå nyare tid. NVE vurderer at ved å nytte røyrgatealternativet via Vasspollen og Sjøpollen så vil utbygginga ikkje påverke kjente kulturminneverdiar.

Tiltaket sin verknad for biologisk mangfald er også vektlagt. Det vandrar sjøaure og ål opp i vassdraget. For å sikre tilstrekkeleg vassdekt areal og biologisk produksjon meiner NVE at minstevassføringa må doblast i høve omsøkt minstevassføring. Ved etablering av terskel ved utløpet av Storavatnet er det viktig at sjøaure og ål vert sikra passasje forbi dammen. Med føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptast.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Erko Settefiska AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Storavatnet. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Erko Settefisk AS, datert 03.07.2013:

«Erko Settefisk AS søker om vannuttak for sitt settefiskanlegg (reg. nr. H/Sd 0029) på lokalitet Sagvåg (lokalitetsnr. 28216) i Stord kommune i Hordaland. Anlegget har konsesjon for produksjon av 5 millioner settefisk med en kombinasjon av resirkulering og gjennomstrømming, samt bruk av rent sjøvann til produksjon av smolt på 300-500 gram. Det søkes etter vannressurslovens § 8, om tillatelse til:

- Uttak av vann fra Storavatnet med høyeste månedsmiddel på 20 m³/min (0,33 m³/s)*
- Og et gjennomsnittlig uttak på 11,5 m³/min (0,192 m³/s),*
- Oppdemming og regulering av Storavatnet mellom HRV 10,80 og LRV 10,30 moh.*
- Men slipp av minstevannføringen på 0,05 m³/s (3 m³/min)*

Bakgrunn for søknaden er at gjeldende NVE konsesjon for oppdemming og regulering av Storavatnet datert 12. september 2007 falt bort etter 3 år på grunn av manglende oppstart av byggearbeidet. Dette bekreftes også av NVE i brev av 13. desember 2012, som ber om at det utarbeides ny NVE søknad etter nye krav før vannuttaket kan vurderes på nytt.»

Settefiskanlegg på lokalitet Sagvåg, hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ	
Nedbørfelt	km ²	17,7	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	41,9	
Spesifikk avrenning	l/(s·km ²)	75,1	
Middelvassføring	l/s	1330	
Alminneleg lågvassføring	l/s	135	
5-persentil året	l/s	136	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	89	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	260	
SETTEFISKANLEGGET			
Inntak	moh.	10	
Avløp	moh.	0	
Lengde på aktuell elvestrekning	m	120	
	m		
Brutto fallhøgde		10	
Slukeevne/kapasitet tilløpsrør	l/s	333	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	50	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	50	
Tilløpsrør, diameter	mm	630	
Lengde på tilløpsrør	m	1640	1520
Maks tal smolt	stk	5 000 000	
MAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³	0,8	
HRV	moh.	10,8	
LRV	moh.	10,3	

Om søkjar

Erko Settefisk AS er ein del av Erko Seafood gruppa. Dette er ein mellomstor aktør innan akvakultur i Hordaland og Sogn og Fjordane og leverer smolt til Erko Seafood sine matfiskanlegg.

Sagvåg Settefisk AS søkte 10.10.2006 om ny konsesjon, etter akvakulturlova for produksjon av 2,5 mill. stk. sjødyktig settefisk, og om konsesjon for uttak av vatn etter vassressurslova § 8. Anlegget fekk konsesjon frå NVE den 12.09.2007 til å regulere Storavatnet mellom kote 10.30 og 10.80 samt uttak av vatn på inntil 30 m³/min. Det var også krav om slepp av minstevassføring på 0,1 m³/s.

Anlegget fekk konsesjon for produksjon av settefisk etter akvakulturlova den 21.09.2007, og søkte 20.09.2008 om utviding til 5,0 millionar settefisk og fekk slik løyve av Hordaland Fylkeskommune 27. mai 2010. Anlegget var på dette tidspunktet enno ikkje etablert, og konsesjonen vart seinare overdratt til Erko Settefisk AS. Etter at Fiskerimyndigheitene våren 2011 endra storleiksgrensingane på produksjon av settefisk, vart det vidare planlagt å produsere stor settefisk (postsmolt) ved bruk av sjøvatn, og anlegget er no under etablering.

Konsesjon gitt av NVE i 2007 vart ikkje tatt i bruk innan tre år og har falle bort. Det vert difor no søkt om ny konsesjon etter vassressurslova for uttak av vatn og regulering av Storavatnet.

Skildring av området

Storavatnvassdraget (vassdragsnummer 044.4) ligg sørvest i Stord kommune. Nedbørfeltet er på 17,7 km², og drenerer fjellområda nordover mot Fitjar med høgaste punkt Mennene med 497 moh. Storavatnet ligg 10,5 moh. og har eit overflateareal på 1,6 km² (NVE innsjø nr 22255). Områda rundt Storavatnet er prega av furuskog med innslag av bustadområder og jordbruksareal. På nordsida av vatnet ligg Nysætervegen (Rv67), jernbanetraseen til gruveområdet ved Litlabø, samt bustadområder, ned mot vatnet. Storavatnet er også prega av mange bukter og viker med holmar og skjær. Vassdraget har sitt utløp frå Storavatnet til sjø ved Sagvågen.

Teknisk plan

Anlegget har konsesjon for produksjon av 5 millionar settefisk med ein kombinasjon av resirkulering og gjennomstrømming, samt bruk av reint sjøvatn til produksjon av smolt på 300-500 gram. Settefiskanlegget er planlagt med eige klekkeri og startforingshall tilknytt vekstavdelinga. Karkapasiteten for tilvekst i gjennomstrømningsanlegget er fire stk. 18 m kar med vasshøgde 5,5 m og volum på 1200 m³ kvar.

Regulering

Det er planar om å etablere ein 0,5 m høg reguleringsterskel ved utløpet av Storavatnet. Terskelen skal halde vasstanden i Storavatnet tilsvarende dagens flaumvasstand, som er omlag 0,5 m over lågaste normalvasstand. Dette sikrar at anlegget kan nyttiggjere seg eit magasin på til saman 0,8 mill. m³. I utløpsterskelen skal det etablerast eit arrangement for slepp av minstevassføring til utløpselva.

Inntak og vassveg

Det er planar om å leggje ein vassleidning (PEH) med inntak omlag 650 meter inn i Storavatnet. Leidningen vert ført til sjø via ei 130 meter lang grøft parallelt med utløpselva, og vert deretter lagt i sjø om lag 900 meter gjennom Sagvågen og fram til anlegget. Total lengde på vassleidningen vert om lag 1700 meter. Dimensjonen på leidningen er på 630 mm noko som gir ein kapasitet på inntil 20 m³/min.

Veg

Det er ikkje planlagt nye vegar i samband med tiltaket.

Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt massetak eller deponi i samband med tiltaket.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Det føreligg godkjent reguleringsplan for Grunnvågen industriområde med retningslinjer vedtatt i Stord kommune ved forvaltningsstyret 11. september 2008.

Samla plan (SP)

Storavatnet er ikkje omfatta av samla plan for vassdrag.

Verneplan for vassdrag

Storavatnet er ikkje omfatta av Verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie område (INON)

Området er allereie betydeleg påverka av menneskelege inngrep og tiltaket vil difor ikkje redusere inngrepsfrie naturområde.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 27.11.2013 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, grunneigarar og privatpersonar busett i området. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Det har vore stor interesse til saka og NVE har fått inn 48 uttalar. Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og på NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Stord kommune handsama saka i Komité for næring, miljø og kultur, den 25.09.2013, og fatta følgjande vedtak i sak 26/13:

«Kommunen ber om at NVE som del av sakshandsaminga særleg tek ein gjennomgang av berekningane i søknaden av lågaste og høgaste regulerte vasstand:

- *Lågaste regulerte vasstand må vere tilstrekkeleg høg til at sundet sør for Knurrøya ikkje blir lukka for gjennomstrøyming av vatn.*
- *Høgaste regulerte vasstand må ikkje kunne føra til at vatnet kjem over grusveg langs Hustredalsvatnet.*

Vasstanden må ikkje endrast utover det som er naturlege svingingar i Storavatnet. Det må ikkje under nokon tilfelle regulerast/magasinerast over høgste regulerte vasstand, eller takast ut vatn utover lågaste regulerte vasstand.

Stord kommune ber vidare NVE om å vurdere om omsøkt minstevassføring vil vere tilstrekkeleg for å oppretthalde elva si økologiske funksjon.

Det bør opprettast eit program for overvaking av forureina sedimenter i Storavatnet. Det bør vidare etablerast målestav for korrekt avlesing av vasstanden i vatnet. Denne skal plasserast slik at den kan vera tilgjengelig for alle interessentar.

Brukarinteressene rundt Storavatnet må i større grad synleggjerast i konsesjonssaka.»

Stord kommune ved **Stord vatn og avlaup KF** har kome med ein tilleggsuttale den 22.09.2014 (etter høyringsfristen). Stord vatn og avløp KF oppsummerer med følgjande:

«SVA sine avløpsanlegg er svært sårbare for svingningar i vassnivået på Storavatnet. Heving av nivået vil medføre avløp inn i omkringliggjande bustadhus. Vidare må inntakspunkt på inntaksleidning flyttast for ikkje å stå i direkte kontakt med vår overløpsutslepp samt at inntaksleidning ikkje må leggjast oppå eksisterande VA-installasjonar i vatnet. Stord vatn og avlaup KF rår NVE til ikkje å akseptera ei heving av vassnivået i Storavatnet.»

Fylkesmannen i Hordaland konkluderer med følgjande i deira uttale av 01.10.2013:

«Fylkesmannen meiner at denne søknaden må sjåast i samanheng med teknologiutviklinga i havbruksnæringa. Vi ser det som rimeleg at settefiskanlegget på Sagvåg kan driftas i sin heilskap som eit resirkulasjonsanlegg og at oppdemming av Storavatnet difor ikkje er nødvendig.»

Fylkesmannen viser elles til tidlegare fråsegn frå 23.05.2007 når det gjeld omsyn til biomangfald i vassdraget og tilråding til minstevassføring.

Hordaland fylkeskommune har kome med uttale den 01.10.2013. Fylkeskommunen peikar på at området har ei rik historie frå nyare tid og ber om at det vert tatt tilstrekkeleg omsyn til desse kulturminna. Ved oppdemming og stabilisering av Storavatnet på høgvassnivå meiner fylkeskommunen at ein kan få auka fare for utvasking av eventuelle kulturminnelokalitetar i strandsona kring vatnet. Det kan og vera potensiale for funn i området for nedgraving av røyrleidning. Hordaland fylkeskommune meiner at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest i god tid før iverksetjing av tiltak, både på land og i vatn/sjø. I Hordaland fylkeskommune si kartlegging av viktige friluftsområde i Hordaland vert strandsona i Storavatnet kategorisert til svært viktig, hovudsakleg lokalt nytta, og av høgste verdi. Når det gjeld avbøtande tiltak meiner Hordaland fylkeskommune at det må tas omsyn til dei store friluftinteressene og at reguleringsgrensa vert sett til 30 cm. I tillegg bør ein vurdere om det bør krevjast at tiltakshavar legg ut skjelsand ved badestrendene for å hindre gjørme.

SKL Nett AS har kome med uttale den 15.08.2013. SKL Nett har etablert Stord transformatorstasjon ved Litlabø like ved Storavatnet, anlegget er delvis bygd på restmassar etter tidlegare gruvedrift i området. SKL Nett opplyser at dei har utfordringar i forhold til setningsskadar på delar av byggmassen med dei grunnforholda som er på staden. Ved den omsøkte regulering av Storavatnet er SKL Nett uvisst om ei slik regulering vil auke setningsproblematikken. SKL meiner at det bør gjerast grundige geotekniske undersøkingar før ei slik regulering eventuelt vert vedtatt.

Sunnhordland Museum oppsummerer med følgjande i deira uttale av 01.10.2013:

«Slik me les vedlagte kart, er det planlagt, etter måten, store inngrep i eit spesielt verneverdig område som er rikt på kulturminner. Det er viktig at desse vert tekne vare på for komande generasjonar. Difor er Sunnhordland museum skeptisk til planane til Erko settefisk A/S, som vil sprengja seg gjennom desse.»

Bergens Sjøfartsmuseum har komme med uttale den 02.09.2013. Sjøfartsmuseet skriv at dei kjenner til eit automatisk verna skipsvrak som kan ligge i konflikt med det planlagde tiltaket. Bergens Sjøfartsmuseum reknar Sagvåg som eit viktig marinarkeologiske område og varslar at dei krev marinarkeologiske undersøkingar før gjennomføring av tiltaket etter § 9 i kulturminnelova.

Stord motocross klubb har komme med uttale den 30.09.2013. Motocrossklubben viser til at delar av deira anlegg i dag berre ligg ca. 20-30 cm over flaumtopp, ved høg vasstand i vassdraget. Stord Motocrossklubb fryktar at store delar av anlegget deira vil bli liggjande under vatn ved etablering av

ein ny reguleringsterskel på 0,5 m. Om det vert aktuelt å etablere ein reguleringsterskel på 0,5 m, ynskjer Stord Motocrossklubb ein garanti om at klubben sitt anlegg ikkje på noko måte vert råka av omsøkt inngrep i vassdraget.

Kystverket Vest har ingen merknader.

NVE har fått mange innspel i saka og det har vore eit lokalt engasjement med underskriftsaksjon for å verne om friluftinteressene rundt Storavatnet. Vi har fått innspel frå følgjande:

Lag/organisasjonar/grupperingar: **Sagvåg Forum, Sagvåg Bygdalag, Hillarhaugen vel, Rødkleiv vel, Mosahaugen burettslag, Bydelsbloggarane, Litlabø skule, Stord Ungdomsråd, Stord Fitjar Turlag, Stord Jeger og Fiskeforening, Aksjonsgruppa "Sagvåg og Litlabø reiser seg til felles innsats".**

Grunneigarar: **Laila og Dagfinn Aarre, Litlabø gard v/Håkon Østerhus, Reinert Valvatnet, Lars Olav Litlabø med fleire grunneigarar ved Vassenden, Terje Breivik, Geir Raustein Aasheim.**

Private: **Helene Lindskog, Ingebjørg Bosvik, Gøran Alsaker, Sigmund Grønsdal, Torbjørn Marthinsen, Sjur Ole Nesbø, Ann Iren Laupsa, Tone R. Rimmereide, Camilla Utne, Kjartan Sæbø, Anders Totland, Åshild Djuve, Kari Einarsen, Jan Erik Aga, Jorunn Wilhelmsen, Solveig Valvatne Hjøllo, Lene Lorentzen, Sten Isdal, Terje Hope, Hanne Førund Larsen, Randi Sørheim, Øystein Kyvik.**

Det er mange tema og argument som går igjen i uttalane. NVE har difor gjort eit samandrag av dei punkta som synast viktigast for ålmenta kring Storavatnet:

- Storavatnet har svært stor verdi for innbyggjarar i området. Tema brukarinteresser og friluftsliv er gitt for låg verdi i søknaden.
- Seinka vasstand kan føre til ulemper for båtbruk, kajakk- og kanopadling.
- Seinka vasstand kan føre til blottlegging av mudderbotn og føre til luktulempar og auka plager med insekt.
- Fare for at grunne sund og kanalar vert tørrlagde og Storavatnet vert delt opp i fleire vassbasseng. Dette kan føre til endra straumforhold og fare for at «dødt» botnvatn kan komme til overflata.
- Auka nedtapping kan føre til auka problem knytt til blottlegging av områder med avfall/ureiningar.
- Det er mange badestrender kring vatnet (10 stk.) og fleire er redde for vond lukt og gjørmete badestrender ved nedtapping. Heva vasstand kan gi redusert bruksareal.
- Det er knytt uro til at uttak av vatn og nedtapping skal vere størst i sommarmånadane då det er høysesong for friluftsliv og bruk av vatnet.
- Auka vasstand vil kunne føre til at turområde, turstiar, lysløype og skogsvegar vert overfløymde.
- Regulering vil skape usikker is og vanskar for å gå på skeiser eller ski.
- Auka vasstand kan gi problem for tilkomst og bruk av motocrossbana i Hustrudalen.

- Det er reist spørsmål om redusert eller auka vasstand kan føre til utstabile massar frå gamle deponi frå gruvedrifta. Stord transformatorstasjon (SKL Nett) på Litlabø og Idrettssenteret på vaskeriplanet er bygd på slike massar.
- Den planlagde rørleidningen ut frå vatnet vil bli lagt i eit område som har stor kulturhistorisk verdi.
- Alternativ trase for vassledning gjennom Vasspollen til Grunnavågen blir anbefalt.
- Røyrkata må plasserast/gravast ned slik at den ikkje vert synleg.
- Det ligg ureina sediment på sjøbotn i Sagvågen etter tidlegare industriverksemd. Legging av røyr gjennom Sagvågen kan virvle opp sjøbotnen slik at desse ureiningane kjem til overflata.
- Endra avrenning og avløp frå Storavatnet kan føre til dårlegare miljøtilstand i Storavatnet og Sagvågen/sjøområda utanfor.
- Fisk/fiske er gitt for låg verdi i søknaden. Det går per i dag opp anadrom fisk i elva. Omsøkt minstevassføring på 50 l/s vil hindre oppgang av fisk. Minstevassføringa må aukast til minst 250 l/s.
- Erko Settefisk kan klare seg med mindre vatn enn dei søkjer om når dei nyttar resirkuleringsteknologi – vassuttak og reguleringshøgde bør difor reduserast.
- Det er gjort tiltak ved utløpet av Storavatnet og det er uklart kva som er naturleg vasstand.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 21.10.2013 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

«Etter å ha sett alle høyringsuttalelser i forbindelse med ovennevnte sak er det tre hovedområder som blir berørt. Dette gjelder i første omgang vår søknads mangel på beskrivelse av friluftsområde og friluftaktiviteter rundt og i Storavatnet, hvor høy vannstanden kan bli og hvor lav den kan bli.

Jeg vil i det videre prøve å beskrive litt mer i detalj hva vi ser som konsekvenser av omsøkt vannuttak og igjen dokumentere at vårt inngrep i Storavatnet ikke vil ha de miljømessige negative konsekvenser som en del av høyringsuttalelsene prøver å skape.

Først en presisering og klargjøring:

Byggetrinn 1 er et produksjonsanlegg som skal produsere stor smolt basert på resirkulert sjøvann. I denne produksjonen kan vi få behov for litt ferskvann for å dempe saliniteten i sjøvannet. Denne produksjonen vil kreve minimalt med ferskvann fra Storavatnet.

Byggetrinn 2 er et ordinært smoltanlegg som kan ha en produksjonskapasitet opp til 5 mill smolt. Dersom vi produserer fisk i sjøvannsanlegget vil vi måtte ta ned produksjonen i ferskvannsanlegget tilsvarende. Den totale produksjonen er basert på 5 mill smolt totalt for begge anleggene.

Presiseringen er viktig da det i noen høyringsuttalelser er blandet sammen.

Ellers har vi valgt å ikke kommentere noen av de mest useriøse uttalelsene som er kommet. Disse for stå ubesvart og her forventer vi at NVE bruker sitt skjønn til å se hvilke uttalelser som bør lyttes til.

1. Friluftssinteresser i og rundt Storavatnet:

Erko Settefisk AS er klar over at det forefinnes stor aktivitet i og rundt Storavatnet i dag. Vi har ingen problemer med å skjønne at området er et rekreasjonsområde med stor verdi for lokalbefolkningen. Det er likevel vår mening at disse ikke kommer til å bli berørt av at vi får tilgang til den vannmengden det er søkt om. Vi mener fortsatt at vannuttaket ikke vil få betydning for bruken av området.

2. Vannstand

Vi har presisert overfor innbyggerne i Sagvåg at en mulig konsekvens av vårt vannuttak er at vannstanden i vannet vil bli mer stabil. Videre er det klare føringer fra NVE om tapping av vann som medfører at laveste vannstand ikke blir lavere enn hva den er i dag. Dette vil da medføre at de bekymringsmeldingene vi har mottatt ikke er relevant.

3. Fylkesmannen i Hordaland

Hva gjelder høringsuttalelsen til Fylkesmannen i Hordaland sin Miljøavdeling, påpekes det at oppdemming av vannet ikke bør være nødvendig all den tid resirkuleringsteknologi skal benyttes. For vår del er det ikke en nødvendighet å demme opp vannet så lenge vi får den vannmengden vi har behov for.

4. Hordaland Fylkeskommune

I høringssvar fra Hordaland Fylkeskommune er kulturminne og kulturmiljø fremhevet. Vi vil ved vår bruk av vann ikke komme i konflikt med de kulturminner som Fylkeskommunen fremhever. Trasevalget for rør vil bli nøye vurdert ut fra dette.

5. Stord Kommune

I høringssvaret fra Stord Kommune er det presisert at vannstanden ikke må reguleres ut over normal vannstand i Storavatnet. Dette er i tråd med det vi hele tiden har hevdet. Vi vil selvfølgelig påse at vi ikke tapper mer enn hva som konsesjonen tillater. For oss er dette uproblematisk.»

Tilleggsopplysningar

Under synfaring kom det fram ein del punkt som NVE bad om ei skriftleg tilbakemelding på. Punkta NVE bad om avklaring på var følgjande:

- Under synfaringa kom det fram at det ikkje ville vere naudsynt å byggje ein reguleringsterskel på 0,5 m i utløpet av Storavatnet. NVE bad om ei tilbakemelding på dette og korleis minstevassføring skulle sikrast.
- Vassuttaket er høgt med tanke på at det vert søkt om eit resirkuleringsanlegg med produksjon av 5 millionar smolt. NVE bad om at Erko Settefisk gjorde nærare greie for produksjon og vassforbruk, og at dei la fram eit alternativ med lågare vassforbruk og mindre regulering av Storavatnet.

- Under synfaringa kom det fram at ein alternativ rørgatetrase lenger sør, via Vasspollen og Sjøpollen, kunne vere eit betre alternativ. NVE bad difor om at Erko Settefisk vurderte dette alternativet.
- Under synfaringa var det diskusjonar kring kva som er normalvasstand for Storavatnet. NVE bad om at det måtte avklarast/målast inn kva som er normalvasstand for Storavatnet.

Erko Settefisk kom med tilbakemelding og tilleggsopplysningar i brev den 17.12.2013:

«Kommentarer i forbindelse med synfaring og NVE sine kommentarer.

Det vises til NVE sine kommentarer mottatt i mail den 27.11.2013.

Vi vil i det videre kommentere de punkter som er tatt opp i forbindelse med vår søknad om konsesjon for tapping fra Storavatnet basert på etablering av settefiskanlegg i Grunnvågen i Sagvåg.

1. Reguleringsterskel. Som det har fremgått av diskusjoner vi har hatt underveis og under synfaringen vil Erko Settefisk ikke bygge terskel slik som omsøkt. Vi ser konsekvensene av dette dersom terskelen bygges for høyt. Det vi ser for oss er at vi bygger en terskel på 0,3 meter for å sikre minstevannføring. Dette vil og ikke komme i konflikt med tilstøtende områder samt at det vil gi større stabilitet under tørkeperioder. Ved høy vannføring i vannet vil terskelen være så lav at vann renner over.

2. Alternativ rørgatetrase er vedlagt. Den blå linjen representerer den traseen som vil bli gjeldende.

3. Med redusert reguleringsterskel vil vannstanden i Storavatnet reguleres til en mer stabil vannstand. Vi vil som det går frem av søknaden ikke overstige høyeste vannstand. Minstevannstanden vil derimot bli noe høyere enn i dag. Dette vil da tale til fordel for beboerne rundt vannet. Tilsiget til vannet i tørkeperioder er som vist tilstrekkelig til å kunne akseptere den tømmegraden vi har søkt om. Vi ser derfor ingen problemer ved at den opprinnelige søknaden legges til grunn. Rørdimensjonen bør ikke være et diskusjonstema all den tid vi har begrensninger på uttaket. Dette reguleres fra settefiskanlegget.

Når det gjelder diskusjonen rundt vannbehov har vi ikke søkt annet uttak enn hva som vi mener vi vil ha behov for. Det er ikke snittet over året vi får konsesjon på men maks uttaket. Dette medfører at vi i lange perioder vil ha et lavt uttak av vann mens vi i andre perioder vil ha behov for mere vann. I snitt over året vil behovet ligge lavere enn det høyeste uttaket vi må ha i korte perioder.

4. Normalvannstanden i Storavatnet

Vi ser ingen behov for å gjøre snittmålinger som du påpeker. Dersom dette skal gjøres må det i så fall gjøres en snittmåling over en lengre periode. Vi vet av erfaring referert til søknaden hvordan vannstanden endres i vannet. Med de beregninger og målinger som foreligger mener vi at dette burde være tilstrekkelig.»

NVEs vurdering

Det planlagde tiltaket gjeld uttak av vatn og regulering av Storavatnet til produksjon av settefisk. I NVE si behandling av vassuttaket vil vi vurdere uttak av vatn frå Storavatnet med regulering, og i tillegg inngrep i vatn/elv og terrenget fram til settefiskanlegget. Areala avsett til sjølve settefiskanlegget kjem inn under allereie vedtekne arealplanar og vert handsama etter reglane i plan- og bygningslova.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 17,7 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 1,33 m³/s. Effektiv innsjøprosent er på 8,8 %. Vassdraget har dominerande flaumperiodar om hausten og om vinteren, men flaum kan opptre heile året. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 89 og 260 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 135 l/s. Gjennomsnittleg vassuttak over året er planlagt til 0,192 m³/s (11,5 m³/min) og høgaste månadsmiddel på 0,33 m³/s (20 m³/min). Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 50 l/s heile året.

NVE gjer merksam på at alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ein usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Med eit gjennomsnittleg vassuttak over året på 0,192 m³/s vil settefiskanlegget i følge søknaden ta ut ca. 14 % av tilsig i eit normalår. Dette vil gje ei samla restvassføring på ca. 1,14 m³/s ved utlaup av Storavatnet som eit gjennomsnitt over året. Vassuttaket slik det vert omsøkt vil føre til at det ikkje vert overlaup og difor vil vere naudsynt å sleppe minstevassføring i 25 % av året i eit normalår. Om vinteren vil behovet for slepp av minstevassføring vere noko lågare, medan det om sommaren vil måtte sleppast minstevassføring i om lag 30 % av tida. Det omsøkte vassuttaket vil i det tørraste året (1937) i berekningsperioden ha behov for tapping av magasinet i 199 dagar (55 % av tida). I eit middels år (1997) vil magasinet vere nedtappa i om lag 98 dagar (27 % av tida), og i eit vått år om lag 27 dagar (7 % av tida).

Det vert søkt om eit uttak som varierer frå ein månadsmiddel på 0,1 m³/s i januar for å gradvis å auke til høgaste månadsmiddel i oktober med 0,33 m³/s. Månadleg uttak minkar deretter til 0,2 m³/s i desember. Månadleg vassuttak varierer i stor grad i takt med naturleg tilrenning gjennom året. Storavatnet har normalt størst tilrenning med dominerande flaumperiodar om hausten då vassuttaket til settefiskanlegget er størst. Lågast tilrenning opptre normalt om sommaren då planlagt vassuttak til settefiskanlegget ligg kring 0,2-0,3 m³/s. Berekna magasinkurve, med midlare månadsuttak og slepp av minstevassføring på 50 l/s, viser at det er størst sannsyn for at nedtappinga vert størst på seinsommaren ved låg tilrenning. I følge søknaden ville magasinet vore tappa under LRV (-0,50 m) to gongar i løpet av observasjonsperioden på 78 år. Det er ikkje i dei tørraste åra, men vatnet ville vore nedtappa 21 cm og 14 cm under LRV i høvesvis 1947 og 1996. I lengre tørrperiodar vil settefiskanlegget ha moglegheit for å sette inn diverse vassparande tiltak, der særleg resirkulering vil redusere behovet for vatn. Forsert smoltifisering og overgang til sjøvatn vil også bidra til eit betydeleg mindre forbruk av ferskvatn.

For å sikre ein magasinreserve skriv Erko i søknaden at dei planlegg å etablere ein 0,5 m høg reguleringsterskel ved utløpet av Storavatnet som skal halde vasstanden i Storavatnet tilsvarande dagens flomvasstand som er om lag 0,5 m over lågaste normalvasstand. Dette skal sikre ein

magasinreserve på til saman 0,8 mill. m³. I høyringsrunda er det mange som har reagert på etablering av ein terskel på 0,5 m ved utløpet av Storavatnet. Fleire av høyringsuttalane viser til at ein terskel vil føre til at vasstanden i Storavatnet blir liggjande for høgt i høve normalvasstand, og at tiltaket vil føre til problem knytt til flaumvasstandar som vil bli høgare enn i dag. Erko har i brev den 17.12.2013 komme med tilleggsopplysningar om at dei ikkje vil bygge terskelen slik som først omsøkt. Erko skriv at dei ser konsekvensane av ein terskel på 0,5 m, og at dei vil redusere høgda til 0,3 m. Dei ynskjer framleis å ha ein terskel for å regulere vatnet og for å sikre slepp av minstevassføring. Det vert framleis søkt om 0,5 m regulering for å ha ein magasinreserve i turrperiodar.

Utløpet frå Storavatnet er grunt og trøgt, noko som gjer til at vatn vert halde tilbake og gir ein oppstuvningseffekt med relativt store naturlege svingingar i vasstand. Erko skriv at det er naturlege vasstandsvariasjonar i samband med flaum på ca. 0,5 m. Stord kommune har tidlegare uttalt at variasjon i vasstand på kring 0,5 m er normalt. Fleire av høyringsinstansane meiner at dei naturlege variasjonane ligg kring 0,3 m. NVE vurderer at utløpet sin avgrensa kapasitet til å ta unna vatn saman med eit relativt stort nedbørfelt og høg spesifikk avrenning gjer til at dei naturleg svingingane i vasstand vert store. NVE vurderer at ein variasjon i vasstand på kring 0,5 m ikkje vil vere unormalt ut frå dei naturgevrne føresetnadane. I samband med større flaumar vil variasjonen truleg vere monaleg større.

Dagens utløpsterskel er av Stord kommune målt inn til å ha ei høgde på 10,30 moh., jf. brev frå kommunen 29.06.2007. Med ein normal vasstandsvariasjon på kring 0,5 m, slik søkjar og kommunen legg til grunn, vil vasstanden normalt liggje mellom kote 10,30 og 10,80. I flaumperiodar vil vasstanden stige ut over dette.

Etablering av ein terskel ved utløpet kan bidra til ytterlegare å auke flaumvasstanden i Storavatnet. For å avdempe denne effekten skriv Erko at dei vil freiste å halde vasstanden lågast mogleg ved varsla store nedbørmengder for å hindre større flaumoppbygging i Storavatnet enn i dag. Erko skriv og at ein riktig utforma avløpsterskel med utvida tappemoglegheit vil kunne auke avrenningstverrsnittet frå innsjøen slik at flaumar betre kan handterast. NVE er samd i denne vurderinga og meiner at det med ei aktiv regulering for å ta unna flaumtoppane er mogleg å dempe svingingane i vasstand noko, slik at flaumtoppane ikkje vert vesentleg høgare enn i dag. Dette føreset at det vert etablert tappemoglegheiter t.d. gjennom ekstra tappeluker. Ved å redusere høgda av ny terskel/dam ved utløpet frå 0,5 m til 0,3 m vert fare for oppstuvning og høg vasstand redusert i høve opphøveleg søknad.

I søknaden vert det opplyst at anlegget slik det er planlagt bygd i all hovudsak vil driftast med resirkuleringsteknologi, noko som vil gi eit vesentleg lågare forbruk av vatn enn omsøkt ramme. Søkar ynskjer likevel å behalde moglegheita til å kunne nytte varierende grad av gjennomstrømming i anlegget, og opprettheld difor rammene for den vassmengda som vart søkt om i 2007. I produksjonsdelen som skal produsere stor smolt basert på resirkulert sjøvatn, kan det bli behov for litt ferskvatn for å dempe saliniteten i sjøvatnet. Erko opplyser at denne produksjonen vil krevje minimalt med ferskvatn frå Storavatnet, utan at det er gitt nokre talverdiar.

NVE vurderer at magasin kapasiteten er god og at denne saman med naturleg tilsig vil sikre stabil vassforsyning gjennom heile året også i tørrår. NVE meiner at eit vassuttak på 192 l/s i gjennomsnitt er ei romsleg vassmengd til ein produksjon av 5 millionar smolt med bruk av resirkuleringsteknologi. Data frå andre aktørar med tilsvarande produksjon tilseier at det er mogleg å produsere denne mengda smolt (fram til ei vekt på kring 80 gram) med kring ein tidel av vassmengda Erko søkjer om. Dersom Erko driftar anlegget sitt som eit reint resirkuleringsanlegg vil det ikkje vere naudsynt å ta i bruk heile reguleringskapasiteten.

Naturmangfald

Terrestrisk miljø

Rådgivende Biologer AS har gjort ei samanstilling av eksisterande kunnskap innan artsførekomstar, viktige naturtypar og status i forhold til raudlista artar. Av verdiar som vert trekte fram er raudlista fuglar knytt til området. I Storavatnet er det observert lappfiskand (VU) og fiskemåse (NT). I Sagvåg er det også observert toppdykkar (NT). Av desse raudlista artane er verken lappfiskand eller fiskemåse følsame for det planlagde tiltaket i Storavatnet. Lappfiskand hekkar ikkje i denne delen av Noreg og fiskemåse vil ved ev. hekking legge reiret så høgt i terrenget at det ikkje vert utsett for vasstandsendingar. Toppdykkar kan hekke i og ved ferskvatn i desse delar av landet, og vil såleis kunne vere følsam for auka vasstand etter at reiret er plassert. I hekkeperioden på våren og forsommaren er det likevel lågast sannsyn for endring av vasstand i magasinet. Toppdykkar er etter det NVE kjenner til ikkje registrert hekkande i Storavatnet.

Det er registrert to naturtypar av verdi i tilknytning til Storavatnet. Langs Dalaelva som renn inn i Storavatnet i nord er det registrert naturtypen "Viktig bekkedrag". Lokaliteten er verdisett til lokalt viktig (C-verdi) etter metodikken i DN-håndbok nr. 13. Ved Vasspollen i vestenden av Storavatnet finn ein naturtypen «Evjer, bukter og viker». Lokaliteten omfattar eit takrøyrbelte sørvest i Vasspollen, lokaliteten er verdisett til lokalt viktig (C-verdi).

Sidan vasstandsvariasjonen i Storavatnet også etter regulering vil halde seg innanfor naturlege variasjonar vert det antatt at uttak av vatn vil ha liten eller ingen verknad på raudlista artar eller naturtypar knytt til Storavatnet. Ny trase for røyrgate via Vasspollen og Sjøpollen er innteikna slik at den går gjennom den registrerte naturtypen «Evjer, bukter og viker» ved Vasspollen. Ved legging av røyrkata bør ein legge denne slik at naturtypen i minst mogleg grad vert påverka.

Akvatisk miljø

Det vart gjennomført prøvefiske i Storavatnet av Rådgivande Biologar hausten 2002 på oppdrag for Stord kommune. Resultatet viste at auren var i god stand med kondisjonsfaktor på kring 1,0. To av tre fisk var røde i kjøttet og det var svært lite parasittar. Aurebestanden i Storavatnet er overraskande fåtaleg, og årsaka er ukjent. Synfaring av utløpselva og innlaupsbekkar påviste rekruttering i tre av innlaupsbekkane, og utlaupsbekken er utelukka som gyteområde. Den eine innlaupsbekken som renn frå Ulvatjørna, har stort produksjonspotensial, medan potensialet i dei andre er meir avgrensa. Det vert konkludert med at det likevel ikkje er sannsynleg at det er oppvekstareale for ungfisk som er avgrensande for fiskebestanden i Storavatnet. Det er ikkje venta at tiltaket vil påverke aurebestanden i Storavatnet då vasstandsvariasjonen i Storavatnet også etter regulering vil halde seg innanfor naturlege variasjonar.

Det er registrert ål i Storavatnet. Ål er raudlista og vurdert som kritisk truga (CR). Rådgivende Biologer vurderer at oppvandring og utvandring av ål vil kunne bli påverka av reguleringar, men med slepp av minstevassføring og periodevis lågare vassføring i utløpselva enn normalt, vil dette heller forenkle oppgangen for ålelarvar enn avgrense den. NVE er delvis einig i denne vurderinga. Generelt vil åleyngel og større gulål ha problem med å passere område med stor fart på vatnet dersom det ikkje finnst område med rolegare vasstraum eller gunstige område på land der dei kan passere. Åleyngel er dårlege symjarar, samanlikna med sjøaure og laks. Dei kan derfor ha problem med å passere områder med høg fart på vatnet, som t.d. gjennom tersklar og laksetrappar der vasshastigheita er høg i heile bredda, og der yngelen samtidig har små moglegheiter for å bevege seg opp på land. Vasshastigheita er ofte for rask i laksetrappar til at ålen klarar å passere vandringshinder gjennom desse. Det kan difor

vere naudsynt å lage egne installasjonar tilpassa oppvandring av ål forbi dammar og andre moglege vandringshinder. NVE meiner difor at det skal plasserast åleleiarar forbi dam/terskel for å sikre at ål klarar å vandre opp i vassdraget. For å sikre at ål ikkje blir trekt inn i vassleidningen må det monterast inntaksrist framfor inntaket. Inntaksrista skal ikkje ha lysopning større enn 10 mm.

Rådgivende Biologer skriv at Storavatnvassdraget ikkje er lakseførande, og at det ikkje er kjent at det går opp sjøaure til Storavatnet. Dei viser til eit antatt vandringshinder på vel ein meter like nedanfor utløpet. Dei skriv vidare at det likevel ikkje er umulig at ein og annan sjøaure kan komme seg opp dette hinderet ved gunstige vassføringar. Det vart ikkje funne oppvandra sjøfisk i fangstane under prøvefisket Rådgivende Biologer gjennomførte i 2002. I høyringsrunda er det komme inn uttalar frå fleire privatpersonar som peikar på at anadrom fisk kan vandre opp i Storavatnet. Stord kommune uttalar at utløpselva har registrert sjøaure, men har eit vandringshinder som i hovudsak hindrar vidare vandring i vassdraget. Noko sjøaure må ein likevel rekna med kjem seg opp til Storavatnet.

Fylkesmannen viser til deira uttale frå 2007 der dei skriv følgjande: *«Det er usikkert om det går sjøaure opp i Storavatnet. Fossen like nedafor vatnet er vanskeleg å forsera, men det kan ikkje utelukkast at det kjem aure forbi. Ein har ikkje dokumentasjon på sjøaure i vassdraget oppstraums, men kan ikkje heilt utelukka at det har gått opp aure»*. Fylkesmanne skriv vidare: *«Det er likevel utvilsamt oppgang av sjøaure i utlaupselva nedafor eksisterande vandringshinder. Mestedelen av elva er lite eigna for gyting og oppvekst av sjøaure, men i eit område midt i elva er det likevel gode vilkår for fisk. Fylkesmannen ser det difor viktig at det vert sleppt ei minstevassføring i denne elva, tilsvarande minst midlare lågvassføring. Dette er også viktig for å oppretthalda anna biologisk liv i elva.»*.

Stord kommune peikar på at det må vere tilstrekkeleg vassføring for å ta vare på den økologiske funksjonen til utløpselva. Dei skriv mellom anna at elva har registrert oppgang av sjøaure, og er leveområde for mellom anna fossefall. Kommunen skriv at det difor er viktig at elva ikkje berre sikrast mot å tørke ut, men også bevarer dei funksjonane den har i dag. Under høyringa kom det inn mange innspel knytt til minstevassføring. Fleire meinte at ei minstevassføring på 50 l/s slik det vert søkt om er for lite vatn til å sikre vandringsvegen for fisk.

Under synfaringa i november 2013 kom det fram at det vert fiska etter sjøaure i midtre og nedre delar av utløpselva frå Storavatnet. Stord jeger og fiskeforening skriv i deira høyringsuttale til kommunen den 09.11.2006 at mange av deira medlemmar fiskar etter sjøaure i elva ut av Storavatnet kvar haust. Dei skriv at det er allment kjent blant fiskarar at det går opp ein god del sjøaure kvart år.

Ut frå dei uttalane som er komme inn og inntrykk frå synfaringa vurderer NVE at utløpselva frå Storavatnet er vanskeleg å forsera for anadrom fisk, men at det er mogeleg ved høveleg vassføring. Vassdraget har truleg liten verdi for laks men har verdi og potensiale som sjøaurevassdrag. Ved ein eventuell konsesjon må det leggjast til rette slik at sjøaure framleis kan vandre opp i Storavatnet og få tilgang til gyteområde i innlaupsbekkar til Storavatnet. Ved etablering av terskel ved utløpet av Storavatnet er det viktig at fisk vert sikra passasje forbi dammen. Fiskepassasje må fungere både for sjøaure og ål.

NVE er samd med Stord kommune, Fylkesmannen og andre som meiner at slepp av tilstrekkeleg minstevassføring er viktig for å ta vare på fisk og anna biologisk mangfald knytt til elva. NVE meiner at det må sleppast ei større minstevassføring enn 50 l/s for å ivareta desse interessene. For å sikre tilstrekkeleg vassdekt areal og biologisk produksjon meiner NVE at minstevassføringa må doblast slik at den minst vert i storleik med 5-persentil sommarvassføring. I følge hydrologiske data som følger konsesjonssøknaden vil det vere tilstrekkeleg med vatn også i tørrår til slepp av ei noko større

minstevassføring i tillegg til omsøkt vassuttak. For å sikre oppvandring til Storavatnet vurderer NVE at det må ei monaleg større vassføring til, meir enn middelvassføring på 1,3 m³/s. Med eit gjennomsnittleg vassuttak kring 14 % av tilsig i eit normalår, vurderer NVE at det vil inntreffe flaumperiodar som vil sikre tilstrekkeleg høg vassføring til at fisk kan vandre opp i Storavatnet også i tørrår.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Erko Settefisk sitt anlegg legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 15.04.2015. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til settefiskanlegget fins det ål (CR), sjøaure og naturtypane ”Viktig bekkedrag” (C-verdi) og «Evjer, bukter og viker» (C-verdi). Ei eventuell utbygging av Erko Settefisk sitt anlegg vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, gitt at vandringsvegen for ål og sjøaure vert sikra.

NVE har også sett påverknaden frå Erko Settefisk i samanheng med anna påverknad på naturmangfald i vassdraget og elles i regionen, og finn at den samla belastninga ved ei utbygging er akseptabel, jf. prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Storavatnet er registrert som eit svært viktig regionalt friluftsområde i Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune si kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland. I høyringsrunda kom det også fram mange innspel som viser at området kring Storavatnet er eit rekreasjonsområde med stor verdi for lokalbefolkninga. Det er nemnt ei rad friluftaktivitetar som t.d. bading, turar langs vatnet, båtbruk, kajakk- og kanopadling, fiske, ski- og skeiseaktivitet. Hordaland fylkeskommune ber NVE ta omsyn til dei store friluftinteressene og sette reguleringsgrensa ved 30 cm.

Dei fleste høyringsuttalane gjeld bekymring for at vasstandsendingane skal bli større enn i dag og såleis føre til ulemper knytt til anten for låg eller for høg vasstand. Det er knytt uro til at uttak av vatn og nedtapping skal vere størst i sommarmånadane då det er høgsesong for friluftsliv og bruk av vatnet.

Det er fleire høyringsuttalar som fryktar at seinka vasstand kan føre til ulemper for båtbruk, kajakk- og kanopadling. Det vert vist til at det er mange badestrender kring vatnet (10 stk), og fleire er redde for vond lukt og gjørmete badestrender ved nedtapping. Det er også uro for at seinka vasstand kan føre til blottlegging av mudderbotn og at dette fører til luktulempen og auka plager med insekt. Usikker is og vanskar med å gå på skeiser eller ski er nemnt som eit resultat av auka regulering

Det er lagt til rette for ålmenta med lysløype og turstiar kring Storavatnet. Mange av høyringsuttalane fryktar at auka vasstand vil kunne føre til at turområde, turstiar, lysløype og skogsvegar vil kunne bli overfløymde. Det er også vist til at auka vasstand kan gi problem for tilkomst og bruk av motocrossbana i Hustrudalen.

Erko skriv i søknaden at verknaden for landskapet vil vere at vasstanden i Storavatnet i noko større grad enn i dag vil holdast på eit høgt nivå slik at nedre del av strandsona vil bli noko meir vassdekt enn ved dagens uregulerte tilstand. Dei skriv vidare at det generelt vil kunne tenkast at ein ny overlaupsterskel kan auke flaumvasstanden i Storavatnet, men at denne effekten vil kunne reduserast ved at ein før varsla store nedbørmengder freistar å ikkje halde vasstanden ved HRV. Erko meiner at ei riktig utforming av avlaupsterskel med utvida tappemoglegheit, vil kunne auke avrenningstverrsnittet frå innsjøen slik at flaumar kan handterast betre. Erko viser også til at reguleringa er så moderat og langsam at det heller ikkje er venta problem knytt til utrygg is om vinteren.

Erko Settefisk har delvis tatt til følgje dei mange innspela som gjeld moglege problemstillingar knytt til etablering av ein utløpsterskel og auka vasstand. Erko har i brev at 17.12.2013 sagt at dei vil redusere høgda på utløpsterskelen frå 0,5 m til 0,3 m. Erko skriv i same brev at med ein redusert reguleringsterskel vil vasstanden i Storavatnet halde ein meir stabil vasstand, men at minstevassstanden vil bli noko høgare enn i dag. Dette meiner Erko at vil tale til fordel for bebuarane rundt vatnet.

NVE vurderer at eit trongt utløp frå Storavatnet gjer til at det er relativt store naturlege svingingar i vasstand og at ein variasjon på 0,5 m er innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Størst utfordring vil det truleg vere knytt til å ta unna flaumtoppane og unngå høge vasstandar. NVE vurderer at etablering av ein terskel på 0,3 m ikkje vil forverre situasjonen i større grad dersom det samstundes vert lagt opp til ein tappestrategi med ei aktiv regulering og tilstrekkeleg tappemoglegheiter for å ta unna flaumtoppane.

Dei tekniske inngrepa ved sidan av den nemnde reguleringsterskelen vert små og vil i liten grad vise igjen i landskapet. Røyrkata skal i følgje tilleggsopplysningar av 17.12.2013 leggjast via Vasspollen og Sjøpollen fram til settefiskanlegget. Ved bruk av denne traseen vil det vere lettare å grave ned og skjule røyrkata enn traseen langs utløpselva. Traseen via Vasspollen synast difor som den beste med tanke på at røyrkatetraseen ikkje skal komme i konflikt med brukarinteresser.

NVE meiner at med ein tappestrategi der ein tek unna flaumtoppar, vil vasstandsvariasjonar ved ei regulering halde seg innanfor dagens naturlege variasjonar og såleis ikkje føre til ulemper med for låg eller for høg vasstand slik mange av høyringsinstansane skisserer. NVE meiner at inngrep knytt til utbygginga vil bli lite synleg i landskapet og at brukarinteressene vil bli lite påverka ved ei eventuell utbygging av Erko Settefisk.

Kulturminne

Søknaden viser til at utbygginga ikkje råkar kjende automatisk freda kulturminne direkte og at det ikkje er venta at tiltaket vil få vidare konsekvensar for kulturminner.

Fylkeskommunen viser til at området har ei rik historie frå nyare tid, og at det allereie på 1500-talet skal ha vore drive mølle og sagbruk ved utløpselva frå Storavatnet. Sunnhordland museum, Bergen sjøfartsmuseum, og fleire private aktørar viser også til verdien av kulturhistoria og dei eksisterande bygningane og kulturmiljøet ved utløpet frå Storavatnet.

Hordaland fylkeskommune ber om at ein tek tilstrekkeleg omsyn til dei kulturminna som er frå nyare tid. Fylkeskommunen meiner vidare at det er eit potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne. Ved oppdemming og stabilisering av Storavatnet på høgt vassnivå kan ein få auka fare for utvasking av eventuelle lokalitetar i strandsona kring vatnet. Det kan og vere potensiale for funn i området for nedgraving av røyrleidning. Fylkeskommunen finn det difor naudsynt med arkeologiske registreringar for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Då røyrkata skal leggjast på sjøbotn fram til anlegget ved Grunnevågneset er tiltaket vurdert av Bergen Sjøfartsmuseum. Museet kjenner til eit automatisk verna skipsvrak, som ikkje ligg registrert i Askeladden, som kan vere i konflikt med tiltaket. Dei reknar Sagvåg som eit viktig marinarkeologisk område. Bergen Sjøfartsmuseum varslar at dei som myndigheit krev marinarkeologiske undersøkingar før gjennomføring av tiltaket, jf. kulturminnelova §§ 9 og 14.

Røyrkata skal i følgje tilleggsopplysningar av 17.12.2013 leggjast via Vasspollen og Sjøpollen fram til settefiskanlegget. Ved bruk av denne traseen vil ein unngå konflikt med kulturmiljøet ved utløpselva frå Storavatnet. Traseen via Vasspollen synast difor som den beste med tanke på at røyrkatetraseen ikkje skal komme i konflikt med kulturminner. NVE vurderer at ved å nytte røyrgatealternativet via Vasspollen og Sjøpollen vil tiltaket i liten grad påverke kjente kulturminneverdiar. NVE viser elles til uttalane frå Hordaland fylkeskommune og Bergen Sjøfartsmuseum og at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må oppfyllest før iverksetjing av tiltak. Dette punktet vert og fanga opp gjennom standard konsesjonsvilkår.

Flaum, ras og skred

I høyringsrunda er det er reist spørsmål om redusert eller auka vasstand kan føre til ustabile massar frå gamle deponi frå gruvedrifta. Stord transformatorstasjon (SKL Nett) på Litlabø og Idrettssenteret på vaskeriplanet skal vere bygd på slike massar. SKL Nett opplyser at dei har utfordringar i forhold til setningsskadar på delar av byggmassen med dei grunnforholda som er på staden. Ved den omsøkte regulering av Storavatnet er SKL Nett uviss om ei slik regulering vil auke setningsproblematikken. SKL meiner at det bør gjerast grundige geotekniske undersøkingar før ei slik regulering eventuelt vert vedtatt.

NVE meiner at ved ein tappestrategi der ein tek unna flaumtoppar, vil vasstandsvariasjonar ved ei regulering halde seg innanfor dagens naturlege variasjonar og såleis ikkje føre til større endringar i grunnvasstanden kring vassdraget i forhold til i dag. NVE vurderer ut frå dette at tiltaket ikkje vil føre til auka fare for ustabile massar. Problem knytt til eventuelle setningsskadar ved SKL Nett sin trafostasjon er privatrettslege forhold som ligg utanfor NVE sitt ansvarsområde.

Vasskvalitet, avløp og resipientinteresser

Tidlegare gruvedrift ved Stordø Kisgruber ved Litlabø har ført med seg store mengder metall til Storavatnet via sig frå deponerte avfallsmassar frå gruvane. Dette har ført til opphoping av metall i botnsedimenta. I det sentrale bassenget av Storavatnet er det påvist livlaust og permanent stagnerande

vasslag ved botn, med høgt innhald av mellom anna jern, svovel og mangan. Dette botnvatnet kan, saman med auka tilførsel frå gruveavrenning ved mykje nedbør, påverke vasskvaliteten i overflata i Storavatnet.

Det har tidlegare vore tilførsle av kloakk frå separate avløp. Desse avløpa er no for det meste sanert, men det har vore overlaup frå pumpestasjonar som tidvis har ført til høge verdier av tarmbakteriar. Stord vatn og avlaup KF (SVA) skriv at dei har 11 avløpspumpestasjonar med tilhøyrande leidningsnett som ligg i strandsona rundt Storavatnet. Desse stasjonane ligg lågt i terrenget for å fanga opp avløpet frå omkringliggjande busetnad. Stasjonane er slik konstruert at ved straumbrot eller teknisk svikt i pumpene skal stasjonen gå i overløp til Storavatnet. Det fører til at avløpsvatnet renn rett i Storavatnet for ikkje å gi oppstuvning på leidningsnettet med tilhøyrande konsekvens at avløpet kjem inn i kjellarane til busetnaden rundt. SVA opplyser at dagens løysing med overlaup til Storavatnet er under endring. Ved utskifting av gamle pumpestasjonar vert det no laga til slamavskiljarar på naudoverløpet som held att noko av forureininga før avløpsvatnet renn ut i Storavatnet. SVA skriv at både dagens pumpestasjonar og dei nye løysingane med ekstra slamavskiljar er heilt avhengige av at ein blir kvitt naudoverløpsvatnet til Storavatnet. For at dette skal fungere hydraulisk i SVA sine anlegg må ikkje vassnivået i Storavatnet regulerast lenger opp. SVA skriv at sjølv små endringar i flaumvasstand kan føre til at deira anlegg ikkje greier å sende avløpsvatnet i naudoverløp og ein får då avløpsvatn inn i kjellarar på omkringliggjande busetnad.

Erko Settefisk viser til at problemstillinga gjer seg gjeldande ved oppdemming av vatnet over normal høgste vasstand, dvs. over omsøkt HRV på kote 10,80. Erko Settefisk meiner at tiltak dei søker om ikkje kjem i konflikt med kommunens sitt avlaupssystem då Erko Settefisk ikkje vil demme opp vatnet over dagens normale høgvasstand som er lik HRV.

Stord vatn og avløp skriv vidare at dei har vassleidningar som går på tvers av vatnet i tillegg til private leidningar. SVA aksepterer ikkje at deira leidningar vert liggjande under ein ny inntaksleidning for settefisk då ei slik løysing vil gå utover kundane. SVA aksepterer heller ikkje at det vert lagt inntaksleidning over private VA-leidningar, då det kan skapa lekkasje/driftsproblem som kan ha påverknad på SVA sitt leidningsnett.

NVE vurderer at traseen for Erko Settefisk sin inntaksleidning kan justerast for å unngå konflikhtar med eventuelle eksisterande vass- og avlaupsleidningar. NVE meiner og at det bør kunne la seg gjere at leidningane om naudsynt kan krysse kvarandre utan å skape problem for kvarandre. NVE meiner dette er problemstillingar som Erko Settefisk og Stord vatn og avlaup må løyse seg imellom.

I høyringa er det fleire som har nemnt at det er fare for at grunne sund og kanalar kan bli tørrlagde og at Storavatnet vert delt opp i fleire vassbasseng. Det er uttrykt uro for at dette kan føre til endra straumforhold og fare for at «dødt» botnvatn kan komme til overflata. Det er også nemnt at auka nedtapping kan føre til auka problem knytt til blottlegging av områder med avfall/ureiningar og luktproblem ved ei slik blottlegging.

NVE vurderer at tiltaket ikkje vil føre til større vasstandsendingar med større tørrlegging eller endra straumforhold, som gjer til at vasskvalitet eller resipienten vert dårlegare.

Samfunnsmessige fordelar

Bygging av anlegget vil styrke det lokale næringsgrunnlaget og bidra til å skape fleire arbeidsplassar både på anlegget og i distriktet. Etableringa av anlegget vil gi ein produksjon av 5 mill. smolt og sikre stor og robust kvalitetssmolt til matfiskanlegga til Erko Seafood AS.

Oppsummering

Dei aller fleste utbyggingsprosjekt vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til vassuttak til settefiskanlegget må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå. I vedtaket har NVE lagt vekt på at ei utbygging av Erko Settefisk sitt anlegg vil bidra med produksjon av 5 mill. smolt med avgrensa verknad for miljø.

Dei største konfliktane med utbygginga er knytt til friluftsliv, kulturminne og biologisk mangfald. Omsynet til landskap og friluftsliv er vektlagt spesielt sidan tiltaket ligg i eit område som er mykje nytta til friluftsaktivitetar av lokalbefolkninga. NVE meiner at ved ein tappestrategi der ein tek unna flaumtoppar, så vil vassstandsvariasjonar ved ei regulering halde seg innanfor dagens naturlege variasjonar og såleis ikkje føre til større ulemper knytt til for låg eller for høg vassstand. NVE meiner at vassstandsvariasjonane ved ei regulering i liten grad vil skilje seg frå dagens situasjon og difor er akseptabel for friluftsliv og andre brukarinteresser.

Verknad for kulturminner er tillagt vekt då området ved utløpselva og Sagvågen har ei rik historie frå nyare tid. NVE vurderer at ved å nytte røyrgatealternativet via Vasspollen og Sjøpollen så vil utbygginga i liten grad påverke kjente kulturminneverdiar.

Tiltaket sin verknad for biologisk mangfald er også vektlagt. Det vandrar sjøaure og ål opp i vassdraget. For å sikre tilstrekkeleg vassdekt areal og biologisk produksjon meiner NVE at minstevassføringa må doblast i høve omsøkt minstevassføring. Ved etablering av terskel ved utløpet av Storavatnet er det viktig at sjøaure og ål vert sikra passasje forbi dammen. Med føresetnad om at avbøtande tiltak vert gjennomført, meiner NVE at verknadane for allmenne interesser kan akseptast.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Erko Settefisk AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Storavatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser, vassuttak og slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

Årleg tilsig til Storavatnet	Mill. m ³	41,9
Middelvassføring	l/s	1330
Alminneleg lågvassføring	l/s	135
5-persentil sommar	l/s	89
5-persentil vinter	l/s	260
Gjennomsnittleg vassuttak	l/s	192
Maksimalt vassuttak	l/s	330

Reguleringsgrenser

I søknaden vert det søkt om å regulere Storavatnet mellom HRV på kote 10,8 og LRV på kote 10,3. Naturleg vasstand (NV) i Storavatnet vert oppgjeve til kote 10,5. Fleire av høyringsinstansane er kritiske til etablering av ein terskel på 0,5 m ved utløpet av Storavatnet og meiner at dette vil føre til at vasstanden vert for høg i høve normalvasstand, og at tiltaket vil føre til problem knytt til høge flaumvasstandar. Erko Settefisk har tatt følgjene av dette og har gitt attendemelding om at terskelen vert redusert til 0,3 m. Dei ynskjer framleis å ha ein terskel og ei regulering på 0,5 m for å oppretthalde magasinkapasiteten og sikre slepp av minstevassføring.

Det vert etter reduksjon av terskelen søkt om å regulere Storavatnet mellom HRV på kote 10,6 og LRV på kote 10,1. Reguleringa gir ein magasinkapasitet på om lag 800 000 m³.

NVE vurderer at ein variasjon i vasstand på kring 0,5 m ikkje vil vere unormalt ut frå dei naturgjevne føresetnadane. NVE meiner at ved ein tappestrategi der ein tek unna flaumtoppar, så vil vasstandsvariasjonar ved ei regulering halde seg innanfor dagens naturlege variasjonar. NVE vurderer at ei regulering slik det vert søkt om ikkje vil føre til vesentlege ulemper for allmenne interesser.

NVE vurderer vidare at magasinkapasiteten er god og at denne saman med naturleg tilsig vil sikre stabil vassforsyning gjennom heile året også i tørrår. NVE meiner at magasinkapasiteten sikrar ei romsleg vassmengd til ein produksjon av 5 millionar smolt med bruk av resirkuleringsteknologi.

Det skal settast opp merke ved Storavatnet som viser høgste og lågaste regulerte vasstand og eit informasjonsskilt som informerer om vilkåra for reguleringa. Dette skal plasserast godt synleg for ålmenta. Utforminga av skilt og merking inngår som ein del av NVE si oppfølging etter post 4 i vilkåra.

Vassuttak

Det vert søkt om uttak av vatn frå Storavatnet med høgste månadsmiddel på 20 m³/min (330 l/s). Vassuttaket vil variere gjennom året, mellom 6 m³/min (100 l/s) og 20 m³/min. Gjennomsnittleg uttak er sett til 11,5 m³/min (192 l/s). Det skal monterast vassmålør i settefiskanlegget og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg. Data må kunne leggjast fram for NVE på førespurnad.

Planlagt vassuttak (ferskvatn)

Månad	Planlagt vassuttak l/s
Januar	100
Februar	100
Mars	120
April	170
Mai	130
Juni	130
Juli	200
August	250
September	300
Oktober	330
November	250
Desember	200

Slepp av vatn

Som avbøtande tiltak foreslår Erko Settefisk å sleppe ei minstevassføring på 50 l/s heile året frå inntaksdammen ved utløpet av Storavatnet. Det vandrar anadrom fisk opp i vassdraget og ei minstevassføring vil vere eit positivt bidrag for i sikre gyte og oppvekstområder nedstrøms Storavatnet i periodar med lite tilsig i vassdraget. NVE er samd med Stord kommune, Fylkesmannen og andre som meiner at slepp av tilstrekkeleg minstevassføring er viktig for å ta vare på fisk og anna biologisk mangfald knytt til elva. For å sikre tilstrekkeleg vassdekt areal og biologisk produksjon meiner NVE at minstevassføringa må doblast slik at den vert i storleik med 5-persentil sommarvassføring. Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 100 l/s heile året. I følge hydrologiske data som følger konsesjonssøknaden vil det vere tilstrekkeleg med vatn også i tørrår til både slepp av ei slik minstevassføring og omsøkt vassuttak.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggest fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for ålmenta. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggst fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for dei krav til sikkerheit som stillast til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnadar:

Val av alternativ	Vassleidning og utløpsterskel skal byggast etter justert alternativ, skildra i brev av 17.12.2013. Sjå vedlagde kart.
Inntak	Vassleidningen skal leggst med inntak om lag 650 m inn i Storavatnet slik som omsøkt. Sjå vedlagde kart.
Utløpsterskel/dam	Teknisk løysning for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast av NVE.
Vassveg	Vassleidning skal følgje justert trase, skildra i brev av 17.12.2013. Sjå vedlagde kart. Vassleidningen skal leggjast slik at naturtypen «Evjer, bukter og viker» ved Vasspollen i minst mogleg grad vert påverka.
Største vassuttak	Største vassuttak og høgste månadsmiddel er i søknaden oppjeve til 20 m ³ /min (330 l/s)
Gjennomsnittleg vassuttak	Gjennomsnittleg vassuttak er i søknaden oppgeve til 11,5 m ³ /min (192 l/s).
HRV	10,6 moh.
LRV	10,1 moh.
Avbøtande tiltak	Det skal leggjast til rette slik at sjøaure og ål framleis kan vandre opp og ned frå Storavatnet. Ved terskel/dam ved utløpet skal fisk kunne passere forbi dammen. Fiskepassasje må fungere både for sjøaure og ål. Det skal byggast åleleiar for oppvandrande ål forbi terskel ved utløpet av Storavatn. Det skal monterast inntaksrist for å unngå at ål og annan fisk blir dradd inn i vassleidningen. Inntaksrista skal ha ein

	lysopning på maksimalt 10 mm. NVE kan godkjenne større lysopning dersom det vert vurdert tilrådeleg.
--	--

Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Vedlegg

Kart over utbyggingsområdet. Blå leidningstrase er den gjeldande. NB! Reguleringsterskel er justert til 0,3 m.

